

Stord 1 med Harald Sætre til Kvinnherad

08.07.2011



Harald Sætre ombord i Stord 1

I dag kjem veteranskipet Stord 1 til Rosendal før dei neste dag skal vera med på Tysnesfest på Våge. Primus motor, Harald Sætre, fortel til uskedalen.no at han vert med på turen og at han vil gjera sitt til at Stord 1 går inn Storsund.

Turen startar i Bergen i 9 tida. Med ein økonomifart på 8 knop går ein framom Uskedalen i 14 tida. Kva med å få Stord 1 til Uskedalen ? Harald Sætre ser ikkje bort frå at det kan la seg gjera. Det må høva med ruteplanen og ein bør finna eit høvande arrangementet for besøket. Vi oppmodar Aktivitetshusets damevener om å ta kontakt. Aktivitetsdagen med Hopp i havet 2012 vil vera ein god dag. Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Stord 1 på veg mot Kvinnherad